

Styremøte Sogn og Fjordane Sau og Geit på Skei Hotell 09.06.09 kl. 10.30

Desse møtte: Halvar Espeseth, Tom Idar Kvam, Margaret Skåre, Leif Brekken og

Eli Berge Ness.

Sak 17/09 Referat og meldingar

- Sankelaga i indre Sogn hadde møte 28.05. i samband med møte med kontakutval rovdyr og Mattlisynet same dag.

Vart presentert notat frå Heidi Sørensen til DN om at ein skal unngå hiuttak, då det er uetisk. Notatet står i motsetnad til Srotingsmeldinga der det er slått fast at hiuttak er den mest effektive måten å føreta uttak på.

Deltok også ein svensk forskar som meiner det er merkeleg ein ikkje nyttar meir radiomerking av rovvilt i Norge når her er så mykje beitedyr.

- Møterunde for beitelaga i fylket i regi av Fylkesmannen. Møte i dei tre regionane. Eli møtte i Sunnfjord, Tom Idar i Sogn. Interessante møte med gode tema. Håpar Fylkesmannen gjer dette til eit årleg tiltak.

Sak 18/09 Nytt frå framtidsretta sauehald

Halvar har vore i kontakt med Kjellfrid for å høyre korleis det går med prosjektet.

Det har ikkje blitt gjennomført så mange fjøsmøte denne våren som planen var, ellers blir det vist til ein fyldig halvårsrapport som skal kome i slutten av juni

Vedtak: SFSG sender informasjon om markdagane og leiarsamlinga til Kjellfrid når dei er fastlagde, slik at ho kan vere med på dei.

Sak 19/09 Markdagar 2009

Nordalsfjorden skal ha markdag, truleg i august, dei arrangerer slike dagar annakvart år.

Margaret tek kontakt med Anne-Karin Kleiven Rynning for å høyre om det er aktuelt med eit samarbeid mellom fylkeslag og lokallag.

Under fylkesårsmøtet vart det etterlyst temadag om alveld. Astrid Sandvik har snakka med Halvar om eit samarbeid mellom Forsøksringen og SFSG om å få Mysterud til å kome for å halde foredrag om temaet. Aktuell plassering er området til Nordsida Sau og Geit. Margaret tek ansvar for å kontakte Astrid Sandvik og Nordsida Sau og Geit.

Det er også ønskje om å få til ein markdag i fjellområdet Årdal/Lærdal. Dette blir truleg i midten av august. Tom Idar tek ansvar for å kontakte Hallvar Haugen for å høyre om Lærdal Sau og Geit vil vere arrangør.

Vedtak: SFSG vil prøve å vere medarrangørar på tre markdagar i fylket. Margaret tek ansvar for oppfølging i Norddalsfjord og Nordsida, Tom Idar for oppfølging i Lærdal.

Informasjon om markdagane vert lagde ut på heimesidene så snart datoar og program er klart.

Sak 20/09 Rekneskap første halvår

Ragnhild har sendt over rekneskap så langt i år. Pengane frå Fylkesmannen knytt til rovviltplakatane er ikkje innkomne. Tom Idar vil purre på Mjelstad. Det er nokre sankelag som ikkje har betalt for rovviltplakatar, dette tek Eli ansvar for å følge opp. Alle rekningar frå styret for første halvår skal vere sende til Ragnhild innan 10. juli.

Vedtak: SFSG tek rekneskapen så langt til orientering.

Sak 21/09 Leiarsamling 2009

Leiarsamlinga hausten 2009 blir eit samarbeid mellom Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Eli sender ut førebels informasjon til dei som brukar å ha innlegg på leiarsamlingane, slik at dei kan setje av datoane alt no.

Vedtak: Leiarsamlinga blir 23. og 24. oktober. Eli tek ansvar for samlinga.

Sak 22/09 Oppnemning av avlsutval sau

Saka vart handsama på sist møte, men vart teken opp på nytt under dette møtet.

Leif Brekken har vore styret sin representant i avlsutvalet siste to åra. Han vil gjerne halde fram i dette vervet.

Tom Idar Kvam ønskjer også å vere SFSG sin representant i dette vervet, då avlsarbeidet er det han tykkjer det er mest interessant å arbeide med.

Det vart avrøysting i styret om kven som skulle vere SFSG sin representant i avlsutvalet.

Vedtak: I perioden 2009-2011 er avlsutval sau i Sogn og Fjordane samansett av:

Audun Nedrebø, leiar, Elling Lillesvangstu, medlem, Paul Egge, 1. vara som deltek på alle møte, Leif Brekken, SFSG. I tillegg har Nortura ein deltakar på møta. Turid Sundt er sekretær.

Sak 23 Ymse

- Oppnemning av råd i NSG neste toårsperiode. Fylkeslaga var oppmoda om å kome med innspel på gode kandidatar. SFSG hadde fleire framlegg til gode folk frå vårt område.
- Det er opna for avkomstgranskning på geit i eigne buskapar. Blickfeldt og Trine Bjørnerås reiser rundt og informerer.
- Jordbrukstingingane. Utslag småfehold
- Det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein handlingsplan for rovvilt. I denne gruppa er utmarksrådet med, og det er forsterka med Ove Ommundsen, Tone Våg og Tom Idar Kvam. Nytilsett på utmark i NSG blir også med.
- Audun held fram som leiar i regionutvalet for saueavl.

Sak 24 Nytt frå avlsutval sau

Audun møtte opp og orienterte om arbeidet i avlsutvalet.

Snart tid for kåringar, og arbeidet er godt i rute. Utkast til plan for kåringane er utarbeidd.

Dommarsamlinga blir i Sogndal første veka i september.

Vedtak: SFSG tek informasjonen frå Audun til orientering. Styret set stor pris på å ha ein leiar av avlsutvalet som gjer ein så ryddig og god jobb.

Sak 25 Nytt frå gjetarhundutvalet

Jan Kåre Ravnøy kunne ikkje møte, men Tom Idar tok ein gjennomgang av dei viktigaste tinga.

Det er god aktivitet i gjetarhundmiljøet, men dei ønskjer å arbeide for rekruttering. Var eit svært vellukka arrangement i Sogndal i vår.

Det er under planlegging eit storkurs/samling på Lysvoll i Stryn i regi av gjetarhundnemnda vår eller haust 2010. Dette vil gå over ei veke, og ein vil satse på instruktørar frå England. Gjetarhundnemnda vil gjerne at ein set av ekstra budsjettmidlar til dette.

Vedtak: SFSG er positive til storkurs i Stryn. SFSG vil handsame saka ut frå eigen budsjettsituasjon når ein får inn skriftleg søknad med budsjett frå gjetarhundnemnda.

Møtet slutt.

Ref. E.B.N.